

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	05.10.2023
Vår referanse	2023/74483-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til melding om Sagavika minikraftverk i Bergen kommune

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Det er eit tydeleg behov for meir fornybar energi i Bergensområdet, og dette minikraftverket har potensiale til å bidra positivt til kraftsituasjonen.

Vi har ingen avgjerande merknader når det gjeld automatisk freda kulturminne basert på tilgjengelege kart. Det er viktig å merke at planen for minikraftverket inngår som alternativ i ein detaljreguleringsplan under arbeid, og det er nødvendig å sjå dette i samanheng med omsyn til kulturmiljø og kulturmiljøverdier.

Det er lite truleg at minikraftverket vil ha stor påverknad på friluftsliv og rekreasjon i området, bortsett frå mogleg redusert elvebrus på grunn av redusert vassføring i Fanaelva.

Bakgrunn

NVE har mottatt melding frå Rosendahl Industrier AS, datert 23.1.2023, som omhandlar førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Sagavika minikraftverk. Vestland fylkeskommune er høyringsinstans i saka. Meldinga skal handsamast etter vassressurslova § 18 og vurderast i tråd med vassressurslova §§ 8 og 10.

NVE ber fylkeskommunen vurdere om tiltaket kan medføre skadar og ulemper av slik omfang for allmenne interesser at det blir krav om konsesjon i samsvar med vassressurslova.

Skildring av tiltaket

Rosendahl Industrier AS planlegg å bygge eit minikraftverk i Fanaelva. Vatn frå elva har tidlegare vore nytta til mellom anna spinneri, reperbane, kraftverk og akvakultur. Det er no planlagt å renovere dagens sperredam på kote 28,1 med nytt inntaksarrangement. Her i frå skal vassvegen gå i eit 90 m langt røyr som skal forankrast på fundament i same traseen som den gamle røyrgata. Det gamle kraftstasjonsbygget nede ved sjøen skal totalrenoverast. Kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3,9 m³/s. Saman med installert effekt skal dette ifølgje meldinga gje ein årleg produksjon på 3 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 200 l/s.

Fornybar energi

Det er stort behov for ny fornybar energi i Bergensområdet. Dette er eit lite kraftverk som i noko grad skal nytta eksisterande infrastruktur. Tiltaket vil bidra positivt til kraftsituasjonen i området viss vi legg til grunn at nettstasjonen omtala i søknaden har kapasitet til planlagt produksjon.

Kulturminne

Seksjon for kulturarv har vurdert saka som regionalt kulturmiljømynde.

Automatisk freda kulturminne

Med utgangspunkt i karta (datert 16.01.2023) som viser omfanget av renoveringa av Sagavika minikraftverk, har vi ingen avgjerande merknader når det gjeld tilhøvet til automatisk freda kulturminne. Vi vil likevel påpeike at dersom nye areal skal nyttast i samband med oppgraderinga må vi få saka til ny vurdering. Dersom det er planer om å nytte areal i sjø må vi sende saka til sjøfartsmuseet for vurdering av tilhøvet til marine kulturminne - det må då gis forlenga svarfrist.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Nyare tids kulturmiljø

Det er planlagt å reetablere minikraftverket i Sagavika ved å renovere dagens sperredam på kote 28.1 med nytt inntaksarrangement, føre vatnet i eit 90 meter langt røyr som skal forankrast på fundament i same traseen som den gamle røyrkata, og totalrenovere det gamle kraftstasjonsbygget nede ved sjøen, (...) *herunder betongarbeid innvendig, utvendig, oppgradering fasade, ventilasjon, vindu, elektrisk svakstrøm og sterkstrøm.*»

Det blir i den oversende meldinga om minikraftverket vist til at tiltaket ligg innfor eit større område som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) 2018 – 2030 har omsynssone H570_5 kulturmiljø for Fana – Stend (under «jordbrukslandskap og kulturhistoriske landskap»), men det er i den oversende saka ikkje uttalt noko om korleis kulturmiljøet tilknytta og rundt tiltaket skal takast vare på, som til dømes det gamle kraftstasjonsbygget. Vår vurdering er at det i denne saka blir for vagt å vise til ei geografisk stor og ganske generell omsynssone for Fana – Stend.

Vi vil her også peike på at planen om å bygge eit minikraftverk inngår som alternativ 1C og 2C i ein enno ikkje vedteken detaljreguleringsplan for inntil 75 bustader og småskala næringsføremål i Sagavika på gnr. 95 bnr. 2. med fleir. Då den nemnde detaljreguleringsplanen var på høyring i 2020, peikte vi mellom anna på at det i planframlegget ikkje var lagt inn omsynssone H570 kulturmiljø med føresegn, og bad om at dette vart gjort for å sikre det samla kulturmiljøet og dei nære omgjevnadene. Eit minikraftverk bør sjåast tydeleg i samanheng med den nemnde detaljreguleringsplanen, inklusive ei mindre omsynssone H570 kulturmiljø med føresegn.

Det er viktig at løyve til eit minikraftverk i Sagavika ikkje medfører at det blir lagt bindingar til detaljreguleringsplanen som gjer at kulturmiljøet ikkje blir tilstrekkeleg ivareteke. Det er i utgangspunktet positivt med reetablering av det gamle kraftverket, då det er knytt til eit anlegg av industrihistorisk interesse som førstegenerasjons tekstilindustri, men det er viktig at det blir gjort på ein slik måte at ein tek vare på kulturmiljøverdiane. Det bør mellom anna gjerast grundig greie både for korleis kraftstasjonsbygget er i dag, og korleis det skal settast i stand slik at det blir godt ivareteke og integrert som eit miljøskapande element i den nye planen.

Fysisk aktivitet og inkludering

Områda rundt utløpet av Fanaelva er ikkje registrert i Bergen kommune sin kartlegging av friluftslivsområde. Terrenget frå den gamle sperredammen og ned til sjøen er bratt og gjengrodd og er såleis lite framkommeleg for ferdsel. Frå Fanahammaren 132 går det ein gamal oppmura kjerreveg ned mot sjøen. Denne ferdselsåra kan ha ein funksjon som snarveg og tilkomst til sjøen for bebuarane ved Fanahammaren. Det er lite truleg at minikraftverket vil påverke rekreasjon og friluftsliv i særleg stor grad, anna enn at opplevinga av elvebruset kan reduserast ved vesentleg reduksjon av vassføring i nedre del av Fanaelva.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø

Bjørnar Tjøflot

seksjonssjef
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

rådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE

Postboks 7700

5020

BERGEN

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER